



Miljødirektoratet
v/Fylkesmannen i Vest-Agder
fmvpostmottak@fylkesmannen.no

19. februar 2015

Klage – Løyve til bruk av utanlandske treslag på eigedomen gnr. 36, bnr. 4 i Sirdal kommune

Vi viser til vedtak av 21.1.2015, som var tilgjengeleg for oss 26.1.2015, og vidare e-post som gir oss utsett frist til 20.2.2015.

Hovudtema i denne klaga er vurderinga av verknaden japanlerk kan ha på landskapet rundt omsøkte utplantingsområde. Vurderinga av spreingsevna til treslaget får noko merksemd. Vidare er det sider ved sjølve sakshandsaminga som ikkje er tilfredsstillande. Søkjar sine føresetnader for å kunne følgje opp utplantinga går vi også inn på, likeeins manglande vurderingar av fordelar og ulemper med plantinga.

Omsøkte område


Søknaden gjeld eit areal på 4 dekar der det er ønskje om å setje ut 900 stk japanlerk. I følgje søknaden er det furuskog i området frå før. Det finst ikkje opplysningar om bruk av japanlerk i området frå før, verken i søknaden, vedtaket eller i Artskart.

Naturbase seier noko om naturverdiar rundt omsøkte plantefelt.

Naturvernforbundet
Mariboeg gt 8,
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

SABIMA
Pb. 6784 St. Olavs plass,
0130 Oslo
sabima@sabima.no

WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs Plass,
0130 Oslo
[wwf@wwf.no](http://wwf.no)



Figur 1. Kartgrunnlag frå Gislink. Gul sirkel er omsøkte område. Raud sirkel har radius på ca. 5 km. Naturtypelokalitetar med grøn skravur, verneområde med raud skravur.

Fylkesmannen bør gå gjennom alle naturtypelokalitetar og verneområde innan ein radius på 5 km som følgje av at dette er område som ein reknar kan bli påverka av langdistansespreiing¹. Ein del slike lokalitetar kan ein sannsynleggjere ikkje vil bli påverka og lett kvittere ut med ei enkel vurdering. Resten bør få ei nærare vurdering etter naturmangfaldlova. Vi vel å ta fram verneområdet sørvest for omsøkte lokalitet, Øykjeheia naturreservat (VV00001470), der skogvern er hovudføremål. Det verna arealet er på over 13 km² og dei naturfaglege kvalitetane er skildra slik i Naturbase: «*Større barskogsområde med partier med både gammel furuskog og gamle bjørkeskoger og ospholt. Også områder med innslag av edellauvskog og sumpskog. I sør en høstingsskog med over hundre gamle, hule eiker. I dette området er det utarbeidet skjøtselsplan for høstingsskogen samt at det gjøres insektsundersøkelser knyttet til hule eiker.*»

Det vil heilt klart vere negativt viss ein får utanlandske treslag inn i eit slikt område. Det ser ut som Fylkesmannen i Vest-Agder ikkje har kjennskap til dette verneområdet, eventuelt meiner at det ikkje kan bli påverka og at vurderinga ikkje skal skrivast i vedtaket. Dette er ein feil i sakshandsaminga. Avstanden frå omsøkte område til grensa for naturreservatet er noko over ein kilometer. I førnemnte litteratur¹ om langdistansespreiing går det fram at ein for vindretningar som ikkje er dominerande må ta høgde for langdistansespreiing på 2 km.

På austsida av vatnet ligg det ein stor naturtypelokalitet Hoggfjell, rik edellauvskog, med verdi A.

Vi ser ikkje føre oss nokon enkel måte å drive spreingskontroll i t.d. verneområdet. Vilåret om rømlingkontroll er heller ikkje nærare definert når det gjeld areal, og det vil bli rom for tolking. Dette er ugrent.

¹ H. Sandvik 2012. Kunnskapsstatus for spredning og effekter av fremmede bartrær på biologisk mangfold. DN-utredning 8-2012

Japanlerk

Japanlerk kjem frå Japan og førekjem i område med temperatur og klima ganske likt vårt. T.d. i fjellsida på vulkanen Fuji.



Bilete av japanlerkskog henta frå Wikipedia

Japanlerk har vore i sal i Noreg sidan 1904², men det har truleg vore planta heilt frå 1870-talet. Bruken har vore avgrensa, og Artsdatabanken³ reknar med at det samla er planta 7-8 km². Ein heil del av dette er truleg i lebelte der ein heilt til no har vore glad til om arten har vore så livskraftig at han har spreidd seg. Artsdatabanken har plassert japanlerk i risikokategori LO, dvs. låg risiko for spreiding.

Det er sannsynleg at japanlerk har ei viss evne til å spreie seg, men det er ikkje gjort større undersøkingar av spreingspotensialet for denne arten i norsk natur. Det finst 15 registreringar av arten på Artskart, og ein del av observasjonane gjeld nok frøspredde individ. Det er ikkje utenkjeleg at spreingspotensialet kan likne det som gjeld for europalerk, som har meir enn hundre år forsprang på japanlerka i norsk natur. På Artsdatabanken sitt faktaark blir det opplyst: «*Den er lyskrevende og har lokalt spredt seg på åpne arealer i nærheten av eksisterende bestand, men det er usikkert hvor mye av dette som bidrar til rekruttering av voksne trær da den er utsatt for viltskader og snøbrekk. Japanlerk er resistent mot lerkekraft (Børset 1985). Den etablerer seg i liten grad i sluttet skog, slipper mye lys ned til feltsjiktet, har begrenset spredning og representerer neppe noen økologisk risiko.*»

I bestandsskogbruket vil det ved hogst oppstå ein periode der mykje lys kjem ned til bakken samtidig som bakken blir rota opp. Dette fører til spiring om det finst frø. Lerkeartane ser ut til å setje kongler ganske ofte, slik at det er stor fare for at det vil vere ein aktiv frøbank på det tidspunktet at det er tilhøve for spiring. Viltskader har vi sett både på europalerk og japanlerk. Det blir ikkje sagtømmer nedst av dette, men dei fleste trea lever over og blir i alle fall i stand til å setje konglar.

² Lerk (Larix) i Norge - del I. Dyrkningshistorien. Bernt-Håvard Øyen. Aktuelt fra Skog og landskap 2/2006 http://skogforsk.pdc.no/index.php?seks_id=26401&t=A

³ <http://databank.artsdatabanken.no/FremmedArt2012/N63763>



Figur 2. Spreiing av europalerk på Gyl i Tingvoll. Opphavet var langs bortkanten av enga sentralt på biletet, kring 1780. Europalerka held no på å etablere seg i stort tal i snaujellet nord for Gyl. Foto Øystein Folden 10.02.2015.

Sjølv om japanlerk er rekna for å ha låg risiko for spreiiing, så meiner vi at grunnlaget for denne vurderinga er såpass ufullstendig at ein bør rekne med at arten kan ha potensiell høg risiko for spreiiing. Som for fleire andre framande treslag er det mogleg at kategoriseringa på svartelista reflekterer manglande undersøkingar, og ikkje reelt spreiiingsomfang. Kva kategori som er rett vil ein først kunne vurdere når ein får undersøkt nærare stader der arten har vore i bruk over lengre tid. Dessutan må ein ta høgde for at daglengdetilpassing o.l. hemmar frøing første gong, men at neste generasjon ikkje vil vere hemma på same måten.

Søkjars kvalifikasjonar

I tillegg til ei vurdering av areal og treslag som er omsøkt er det også eit element av om søkjar kan vere i stand til å følgje opp mellom anna dei krava som blir knytt til eit løyve. Søkjar har eit naturleg høve til å presentere dette gjennom søknadsskjemaet.

I dette høvet er det eit firma, AT Skog, som søkjar på vegne av grunneigar. Grunneigar sjølv har adresse Bryne, og skogfirmaet har heller ikkje lokal adresse. Ein grunneigar som bur på staden treng ikkje sjå til skogen sin ofte, men det kan vere endå litt meir usikkert når ein ikkje bur på plassen. I søknaden er det ikkje fylt ut noko på pkt. 9, 20 og 21, der søker plikter å fylle ut det han veit noko om. Punkt som er valfrie å fylle ut er ikkje fylt ut. Naturtypar (pkt. 9) kan vere litt vidløftig å ha oversikt over. Men på pkt. 20 og 21 må ein vise fram kunnskap

på om ein skal ha truverde til å kunne følgje opp dette. På desse punkta står det ikkje noko, og ein må følgjeleg anta at grunneigar manglar kompetanse på området.

20. Vurder hvilke følger utsettingen, av omsøkt treslag, kan medføre for det biologiske mangfoldet i og rundt utsettingsområdet. Vurderingen bør inneholde en beskrivelse av hvilke arter og økosystem som blir berørt av aktiviteten. Vurder videre hvilken innvirkning utsettingen kan regnes å ha på disse*:

21. Beskriv planlagte tiltak for å hindre spredning av det gitte treslaget fra utsettingsområdet (inklusive internkontroll, dersom det er relevant for søknaden)*:

I naturmangfaldlova ligg det ei opning for at fordelar og ulemper med tiltaket til ein viss grad skal vegast opp mot kvarandre. I forskrifta om utanlandske treslag står det ikkje noko om ei slik veging av fordelar av ulemper. I denne saka er det tale om eit ganske lite areal. Det går ikkje fram nokon stad at det finst japanlerk i området frå før. Vi ser ikkje noko i søknaden eller vedtaket som er til hinder for å halde fram med furuskog på teigen. Økonomiske skilnader mellom furu og japanlerk er truleg ikkje så stor, og ikkje nødvendigvis til fordel for japanlerk. Såleis er dette prosjektet eit eksperiment som set naturmangfaldet mellom anna i naturreservatet i nærleiken i fare, utan at fordelane for søkjar kan vere nemneverdige. Dei er i alle fall ikkje nemnt.

Konklusjon

Det finst naturområder i form av naturreservat i overkant av ein kilometer frå omsøkte område, utan at det er vurdert i saka om dette kan bli påverka. Det finst også naturtypelokalitetar innafor mogleg påverkingsområde som verken er lista opp eller der moglege verknader er vurdert. Det er dessutan i liten grad vurdert korleis kjente verdiar vil kunne bli påverka av tiltaket. Søkjar har ikkje gjort noko for å vise fram sin kompetanse til å drive internkontroll. Det vil truleg vere svært vanskeleg å følgje opp rømlingar mellom anna til naturreservatet. Det finst truleg ikkje japanlerk i området frå før. Det er lite truleg at ein så liten teig med japanlerk vil gi økonomiske fordelar framfor å halde fram med furu.

Vedtaket må gjerast om og søknaden må avslåast.

Med venleg helsing

Honorata Kaja Gajda
rådgjevar i naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
generalsekretær, SABIMA

Heidi Sørensen
teamleder, WWF-Norge